

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/9/13

av 22. februar 2002

om godkjenning av dei planane som Tyskland har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Saarland og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Rheinland-Pfalz og Saarland(*)

[meldt under nummeret K(2002) 617]

(Berre den tyske teksta er gyldig)

(2002/161/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾, særleg artikkel 16 nr. 1, artikkel 20 nr. 1 og artikkel 25 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I 1999 vart det påvist utbrot av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Rheinland-Pfalz i Tyskland.
- 2) Ved vedtak 1999/335/EF⁽²⁾ godkjende Kommisjonen den planen som Tyskland har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Rheinland-Pfalz.
- 3) Trass i dei tiltaka som alt er vortne vedtekne, har sjukdommen halde fram med å spreie seg, og han er òg vorten stadfesta hjå viltlevande svin i Saarland. Det vart òg påvist utbrot av klassisk svinepest i driftseiningar for svin i Rheinland-Pfalz i 2001 og 2002, noko som truleg har samband med sjukdommen hjå viltlevande svin.
- 4) I samsvar med artikkel 16 og 20 i direktiv 2001/89/EF har dei tyske styresmaktene lagt fram planar for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Saarland og for naudvaksinasjon av viltlevande svin i Rheinland-Pfalz og Saarland.
- 5) Tyske styresmakter har gjeve løyve til at det kan leggjast ut lokkemat som inneheld ein svekka levande vaksine mot klassisk svinepest (C-stamme), til immunisering av viltlevande svin.
- 6) I dette tilfellet er vaksinasjon av viltlevande svin rekna som eit effektivt middel som kan utfylle andre tiltak i kampen mot sjukdommen.
- 7) Dei nemnde planane er vortne granska og funne å vere i samsvar med føresegnene i direktiv 2001/89/EF.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 53 av 23.2.2002, s. 43, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 26/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 5.6.2003, s. 9.

⁽¹⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5.

⁽²⁾ TEF L 126 av 20.5.1999, s. 21.

- 8) Det bør fastsetjast nærmare reglar for handelen med levande svin og visse produkt av svin frå dei områda i Tyskland der det er truleg at vaksinasjonen vil ha innverknad på utviklinga av sjukdommen.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste veterinærutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Den planen som Tyskland har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Saarland, er godkjend.

Artikkel 2

Dei planane som Tyskland har lagt fram for naudvaksinasjon av viltlevande svin i Rheinland-Pfalz og Saarland, er godkjende.

Artikkel 3

1. Tyskland skal syte for at levande svin og sæd, egg eller embryo frå svin ikkje vert sende frå dei områda som er førde opp i vedlegget.
2. Tyskland kan likevel gjere unntak frå det forbodet som er fastsett i nr. 1, når det gjeld sending av svin og av sæd, egg eller embryo frå svin til andre område i Tyskland, på det vilkåret at svin og sæd, egg eller embryo frå svin ikkje vert sende frå mottakareininga til ein annan mottakarstad utanfor Tyskland i eit tidsrom på 30 dagar etter at svina er mottekne, eller etter at sæden, egga eller embryoa er vortne nytta i dei mottakande purkene.

Artikkel 4

1. Helsesertifikatet som er fastsett i rådsdirektiv 64/432/EØF⁽³⁾, og som følgjer med svin som vert sende frå Tyskland, må fyllast ut med følgjande opplysningar: «Dyr i samsvar med kommisjonsvedtak 2002/161/EF».

⁽³⁾ TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

2. Helsecertifikatet som er fastsett i rådsdirektiv 90/429/EØF⁽¹⁾, og som følger med sæd frå avlsrånar som vert sende frå Tyskland, må fyllast ut med følgjande opplysningar: «Sæd i samsvar med kommisjonsvedtak 2002/161/EF».

3. Helsecertifikatet som er fastsett i kommisjonsvedtak 95/483/EF⁽²⁾, og som følger med embryo og egg frå svin som vertsende frå Tyskland, må fyllast ut med følgjande opplysningar: «Embryo/egg(*) i samsvar med kommisjonsvedtak 2002/161/EF.

(*) Stryk det som ikkje høver.»

Artikkel 5

Tyskland skal syte for at alle viltlevande svin som vert funne daude eller vert avliva i det området som er ført opp i vedlegget, vert fjerna i samsvar med artikkel 16 nr. 3 bokstav k) i direktiv 2001/89/EF.

Artikkel 6

Tyskland skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å gjennomføre dei planane som er nemnde i artikkel 1 og 2, frå den datoen då dette vedtaket er gjort.

Artikkel 7

Dette vedtaket er retta til Sambandsrepublikken Tyskland.

Utfærd i Brussel, 22. februar 2002.

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

Rheinland-Pfalz

Følgjande distrikt: Ahrweiler, Bernkastel-Wittlich, Birkenfeld, Bitburg-Pruem, Cochem-Zell, Daun, Mayen-Koblenz, byen Koblenz, byen Trier.

I distriktet Kusel: Reichweiler, Pfeffelbach, Thallichtenberg, Körborn, Dennweiler-Frohnbach, Oberalben, Ulmet, Rathweiler, Niederalben, Homberg.

I distriktet Birkenfeld: verbandsfr. Gemeinde Idar-Oberstein, Mackenrodt, Hettenrodt, Kirchweiler, Veitsrodt, Herborn, Mörschied, Weiden, Oberhosenbach, Wickenrodt, Sonnschied.

I distriktet Bad Kreuznach: Bruschied, Schnepfenbach, Henweiler, Kellenbach, Königsau, Schwarzerden, Staatswald Entenpfuhl, Winterbach.

I distriktet Mainz-Bingen: Riesweiler, Argenthal, Schnorbach, Mörschbach, Rheinböllen.

I distriktet Rhein-Hunsrück: Breitscheid, byen Bacharach.

I distriktet Trier-Saarburg: Taben-Rodt, Kastel-Staadt, Serrig, byen Saarburg, Ayl, Kanzem, byen Konz, Wasserliesch, Oberbillig.

Saarland

I distrikta Merzig-Wadern: Mettlach, Merzig, Beckingen, Losheim, Weiskirchen, Wadern.

I distriktet Saarlouis: Dillingen, Bous, Ensdorf, Schwalbach, Saarwellingen, Nalbach, Lebach, Schmelz, Saarlouis.

I distriktet Sankt Wendel: Nonnweiler, Nohfelden, Tholey.

Nordrhein-Westfalen

I distriktet Euskirchen: Dahlem og Blankenheim.

⁽¹⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 62.

⁽²⁾ TEF L 275 av 18.11.1995, s. 30.